

# Referat fra Regionstyremøte

22. mai 2019 kl. 08.00- 14.30, møterom Stølen, Valdres næringshage

---

**Møtte:** Inger Torun Klosbøle, Eivind Brenna, Kjell Berge Melbybråten, Toril Grønbrekk, Vidar Eltun, Kåre Helland, Kjersti Bjørnstad (frå kl. 10.00), Kari-Anne Jønnes(frå kl. 10.00), Martin Sæbu (adm. repr.), Reidar Thune (adm. repr, fram til kl. 10.00), Kristian Damstuen (adm. repr fram til kl. 10.00) Kai Egil Bachèr(adm. repr, fram til kl. 10.00), Inga Blæsterdalen (adm. repr, frå kl. 09.30) og Jørand Ødegård Lunde (adm. repr,)

**Meldt forfall:** Jostein Aanestad og Haakon Boye Ludvigsen

## Konstituering av møtet:

- Inger Torun Klosbøle, leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent

**Sak under eventuelt:** Toril Grønbrekk tok opp saker frå Drifts- og utviklingstyret (DUR) ved VLMS

**Referat:** Martin Sæbu RS 33-/-19 og Jørand Ødegård Lunde øvrige saker

**Alle vedtak var samrøystes**

## Dagsorden var:

- |              |   |
|--------------|---|
| 08.00        | Regionstyremøte, sak 33-/-19<br>Breiband, status søknad v/ Fredrik Holte Breien   |
| 10.00        | Orientering om Domstolkommisjon sitt arbeid om struktur.<br>V /sorenskrivar Pål Prestesæter og jordskifterettsleiar Olav Ranum<br><a href="https://www.domstolkommisjonen.no/">https://www.domstolkommisjonen.no/</a> |
| 11.00        | Orientering om Valdres si deltaking på Hyttemessa på Hellerud.<br>V / Karianne Borchgrevink (VNH) og Henning Wangsnes (VNK)<br><a href="https://www.hyttemessen.no/">https://www.hyttemessen.no/</a>                  |
| 11.45        | Lunsj   |
| 12.15 -14.30 | Regionstyremøte, sakshandsaming   |

**Høyringar:** Ingen høyringar vart diskutert

## Orienteringar:

- Breiband, status søknad v/ Fredrik Holte Breien.  
Kart og adresser er sendt Opplandfylkeskommune, karta ligg no i Doffin med høyringsfrist 16. juni. Han orienterte vidare om behovet for kommunal medfinansiering. Saka blir drøfta med rådmenne den 24. mai, og dei fremmar så saker for kommunestyra som vedtek omfang av prosjektet.
- Oppland fylkeskommune
  - Kjersti Bjørnstad orienterte frå reiselivskonferansa, Lomsløftet Fellesnemda i juni har over 30 saker.  
Ho orienterte om vellukka seminar i Brussel under Green week

- Inga Blæsterdalen orienterte om nye busslumner på strekninga Øylo-Øye, og at dei såg på ventareal på Førsoëddin. Elles orienterte ho om kulturminnesatsing ved Lomen og tungtvassruta jf. RS sak 35-19. det er nye registreringar ved Garbergfeltet i Vestre Slidre. Øystre Slidre skule har fått kriblemidlar, kr. 78 000,-
- 31. oktober, vegseminar, Jørand Ødegård Lunde orienterte om deltaking og rammer for arrangementet.
- Valdres Friluftsråd, Ina Syversen gav status på arbeidsplan. Ho orienterte om arbeidet som er i gang og om pengane som er søkt, arbeidet er i rute og i tråd med vedteken plan.
- Schibsted, Inger Torun Klosbøle orienterte om utvikling i saka. Ho orienterte om dialogen som har vore med selskapet og dialogen som har vore mot OFK. Det er utarbeidd ei skisse frå region, ved VNH. Fylkeskommunen arbeider med ei PANDA analyse og mot departementet ang. omstillingsmidlar. Valdresregion og fylkeskommunen ynskjer å bidra til at Schibsted blir i Valdres:  
<https://www.valdres.no/nyheter/2019/5/23/initiativ-for-a-redde-schibstedts-kundesenter-pa-fagernes-a3398>  
 1 vedlegg, brev til Schibsted

### Saker handsama:

RS 33-/-19 Kommunale oppfølgingssaker

RS 34-/-19 Protokoll

RS 35-/-19 Referatsaker

RS 36-/-19 Eventuelt

- Oppfølging av møte i DUR

### RS 33-/-19 Kommunale oppfølgingssaker

#### RS 33-/-19 Kommunale oppfølgingssaker 33/19 - 1) Gjennomgang av §27 og §28-samarbeid i Valdres

Viser til pkt. 3 i kommunestyrevedtak om regional organisering – fase 2. Der heiter det: «Etablerte samarbeid etter § 27 i kommunelova vert vidareført etter gjeldane avtaler. Rådmannen bes gjere ei ny vurdering når ny kommunelov er vedteken. Det skal organiserast ein årleg gjennomgang av alle § 27 og § 28-samarbeid i Valdres etter fyrste kvartal kvart år. Dette blir ein arena kor samarbeidskommunane kan kome med innspel til vertskommuna.» Med bakgrunn i dette vert det lagt opp til ein gjennomgang av våre §27 og § 28-samarbeid

#### Vedtak:

Regionstyret tar informasjon frå vertskommunene til etterretning, og ber om at RU følger opp med en fremdriftsplan for analyse av kostnadsfordeling knyttet til tjenestene ved VLMS innen 27.06.19.

#### 33/19 – 2) Informasjon frå rådmannsutvalet

Leiar i RU orienterte om følgende saker som nå håndteres i RU.

- Innspill fra Valdresmusea AS.
- Helse og omsorgsforum gir tilråding i sak om Stabburshella
- Tilskudd til Valdres arbeidssenter blir nå fulgt opp med sak i kommunestyrene

**RS 34-/-19 Protokoll****Forslag til vedtak:**

Regionstyret godkjenner protokoll 24. april 2019

**Vedtak:**

Regionstyret godkjenner protokoll 24. april 2019

**RS 35-/-19 Referatsaker****Framlegg til vedtak:**

Regionstyret tek referatsakene til orientering

**Handsaming:**

- a) Utviding av verneområder. Det vart tek opp møtet som skal vera om vern i morgon. Kari –Anne Jønnes orienterte om møte ho og Eivind Brenna hadde med stasekretær Lars Jacob Hiim i KMD om prosess. Kjell Berge Melbybråten opplever dette som omkamp på tidlegare verneprosessar og grenser.
- b) Rovviltforvaltning. Kari Anne Jønnes tok opp prosessen som no kjem for å endre grensene, høyring er varsla no før sumaren. Ho meinte det var viktig at dei framtidige nemdene har ein fylkesmann å halde seg til. Det ventas og ein rapport frå riksrevisjon om rovviltnemdene.
- c) Til referatsak 5, Vidar Eltun fortalte at Frps medlem Tor Andre Johnsen kjem til Vang 5. juli.
- d) Inger Torun Klosbøle orienterte om at Fagernes trafikkstasjon blir oppretthalde med opningstider to dagar i veka.
- e) Kjersti Bjørnstad tok opp Fagernes lufthavn, Leirin og utviklinga der. Slik saka står no er utfordringa lagt til næringslivet.

**Vedtak:**

Regionstyret tek referatsakene til orientering

**RS 36-/-19 Eventuelt**

Toril Grønbrekk: I arbeidet i DUR har det kome opp ynskje om betre mammografiteneste for Valdres. Etnedal og Nord Aurdal har ikkje noko lokalt tilbod. DUR har kontakta SI for å få utvida tilbodet. Tilbodet kan være at bussen blir ståande på Fagernes og da dekker heile Valdres. Ho orienterte vidare om at det er eit ynskje å få ei slik mammografimaskin til VLMS. Ordførarane er positive til å vera med på å vera med på å støtte innkjøp av eit mammografimaskin, og ber rådmenne om ei sak der dei ser på ulike moglegheiter for få dette til.

**Vedtak:**

Rådmennene legg fram ei sak som ser på løysingar for å få eit mammografitilbod ved Valdres lokalmedisinske senter (VLMS)